

FORSLAG TIL VEDTAK

SAK 5 - Fiskeflåten og «det grønne skiftet»

Styret inviterer årsmøtet til å fatte slikt vedtak:

Årsmøtet i Pelagisk Forening tek innlegga til forskar i Nofima John Roald Isaksen og prosjektdirektør i SALT Johannes Eldøy til orientering.

Årsmøtet meiner at fiskarane òg skal ta ansvar i det grønne skiftet. Per i dag finst det diverre ikkje «grøn» teknologi som passar havfiskeflåten sine lange turar, og seglingsmønster som ikkje er kjent på førehand.

Det er fleire alternative energikjelder, men desse er enno svært premature, og er langt frå fullgode alternativ. Det er vanskeleg, dyrt, krevjande og risikofylt være første båt med ny teknologi. Dette må myndighetene ha forståing for.

Klimaavgifter kan føra til at marginale fiskeri blir ulønsame, og det er fare for at slike fiskeri blir avslutta. Årsmøtet meiner at ein må sjå det totale biletet òg når det gjelder klimatiltak. Fisk er mykje meir klimavennleg mat enn protein frå husdyr. Difor bør det fiskast meir, og ikkje mindre. Dersom eventuelle klimaavgifter fører til at marginale fiskeri forsvinn verkar klimaavgifta mot sin hensikt, om ein ser på det totale biletet.

CO₂-utslepp samsvarar mellom anna med talet på aktive fartøy, samla motorkraft og fiskemengda. Strukturering har ført til færre fartøy, men større fartøy som har større motorar. Auka motorkraft gir stor auke i CO₂-utslepp. På tross av vesentleg strukturering har struktureringa diverre ikkje ført til reduserte utslepp, sett i høve til før struktureringa starta. Dette sjølv om talet på fiskebåtar har gått ned.

Det mest miljøvennlege er å fiska fisken der fisken er lettast tilgjengeleg. Årsmøtet meiner difor at god regulering er eit svært viktig, og enkelt, miljøtiltak.

For felles bestandar er soneadgang i andre land sine soner viktig, og bør difor reknast med når ein vurderer tiltak for å redusera utslepp frå fiskeflåten.

Fiskeforbod innanfor fjordlinjer og havdeling fører til at fisk ikkje blir fiska der fisken er lettast tilgjengeleg. Det fører til auka utslepp. Dette bør endrast.

Årsmøtet meiner at dersom det skal innførast eit CO₂-fond, etter modell av NO_x-fondet, må det først bli reelle alternativ som har dokumentert reduserande effekt på utslepp av CO₂. Det er òg viktig at eventuelle tilskotsordningar faktisk kan dokumentera reduserte utslepp.

Konsekvensane av at Noreg har høgare avgifter enn våre naboland er at fiskarane har dårlegare konkurransevilkår enn fiskarane i våre naboland. For å vera konkurransedyktige bunkrar difor norske fiskarar i utlandet for å unngå avgifter. Dette fører mellom anna til auka utslepp totalt, og kan og føre til auka leveranse av norske fangstar i utlandet og elles avgiftsmotivert lekkasje av kjøp av varer og tenester.